

Konjunktiva/Augeseekret

Analysemetode

[Bakteriologisk dyrking](#), [Gonokokkdyrking](#), [Chlamydia trachomatis PCR](#)

Indikasjon

Purulent konjunktivitt.

Prøvetaking

Bakteriologisk dyrking:

Prøva takast med vattpensel. Vårt standard prøvetakingsutstyr (kunststoffpensel i Amies medium med kol) er tilfredsstillande også ved mistanke om gonokokkar.

Chlamydia trachomatis PCR:

Ved mistanke om Chlamydia trachomatis-konjunktivitt takast prøve med særleg prøvetakingspensel og transportmedium, sjå under "Chlamydia trachomatis PCR". Prøven undersøkast med genetisk amplifikasjonsteknikk. Tynn pensel, som medfølgjer prøvetakingskittet, strykast kraftig over palpebra inferior. Innsendast i medfølgjande transportmedium.

Etter nyføddperioden kan konjunktivittar også årsakast av virus, spesielt adenovirus.

Virus PCR:

Ved mistanke om konjunktivitt eller keratitt årsaka av [Adenovirus](#), [Herpes Simplex Virus \(HSV\)](#) eller [Varicella-Zoster virus \(VZV\)](#) kan penselprøve på virus transportmedium (UTM-kit 1 ml) sendast til PCR for desse virusa.

Prøvetakingsutstyr

Til Chlamydia trachomatis og virus PCR: UTM-kit 1 ml:



Til bakteriologisk dyrking og gonokokkdyrking: Vanleg bakteriologisk transportmedium (Amies med kol) med pensel:



Oppbevaring før transport

I kjøleskap. Unntak: Prøvar på bakteriologisk transportmedium frå barn < 2 veker, og andre prøvar der det er mistanke om gonokokk-infeksjon, kan oppbevarast i romtemperatur.

Haldbarheit

Prøvar til gonokokkdyrking: 1 døgn. Eldre prøvar kommenterast i svar.

Prøvar til bakteriologisk dyrking: 3 døgn. Eldre prøvar kommenterast i svar.

PCR-prøvar: 4 døgn. Eldre prøvar kommenterast i svar.

Vurdering i laboratoriet

Spesielt viktig hos nyfødde. Alle augeprøvar frå barn < 2 veker undersøkast rutinemessig for gonokokkar. Tenk Chlamydia trachomatis hos nyfødde dersom bakteriologisk undersøking er negativ. Vanlegaste mikrobefunn er pneumokokkar, H. influenzae, gule stafylokokkar, sjeldnare gram negative stavar og beta-hemolytiske streptokokkar.

Forventa analysetid

2-3 dagar.

Feilkjelder

Utførast av

Bakteriologisk fagområde

Fagområde

Bakteriologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

03.11.2016 Gro Øren